


Læreplan i norsk for vaksne innvandrarar nivå C1

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 20. juni 2021 med heimel i lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova) § 30



INNHALD

1. INNLEIING	3
2. NIVÅA I RAMMEVERKET	3
AVANSERT OG EFFEKTIV SPRÅKBRUK	3
3. OM LÆREPLANEN FOR NIVÅ C1	4
KATEGORIER FOR SPRÅKLEG KOMMUNIKASJON	4
EIN MULTIMODAL SKRIFT- OG KOMMUNIKASJONSKULTUR	4
MEDIERING	4
DOMENEOVERSKRIDANDE SPRÅKFERDIGHEITER	5
KJENNETEIKN VED SPRÅKET I BRUK	5
4. SPRÅKSITUASJONEN I NOREG	5
5. KOMPETANSEMÅL FOR NIVÅ C1 (AVANSERT BRUKAR)	6
5.1 GLOBALE MÅL	6
5.2 DELMÅL FOR SPRÅKLEGE AKTIVITETAR	6
5.3 KJENNETEIKN VED SPRÅKET I BRUK	8
6. GYLDIGHEIT OG INNFRØRING	9

1. Innleiing


Læreplan i norsk for vaksne innvandrarakar nivå C1 er ei utviding av Læreplan i norsk for vaksne innvandrarakar (2021), som omfattar nivåa A1–B2. På same måte som læreplanen for dei andre nivåa bygger læreplanen for nivå C1 på Det felles europeiske rammeverket for språk: Læring, undervisning, vurdering (Utdanningsdirektoratet, 2011, heretter Rammeverket).

Læringssynet i Rammeverket er basert på at ein lærer språk gjennom kommunikasjon og samhandling med andre. Beskrivingane i Rammeverket og i læreplanen er derfor knytte til språklege aktivitetar og formulerte som «kan-utsegner».

I Rammeverket er nivåa definerte i 56 deskriptorskalaer. I 2020 publiserte Europarådet CEFR Companion Volume with New Descriptors (heretter Tillegget til Rammeverket). Tillegget er eit supplement til Rammeverket og endrar ikkje statusen til Rammeverket. Tillegget inneheld mellom anna 23 nye deskriptorskalaer innanfor kategorien mediering («mediation»). I tillegg er fleire andre skalaer i Rammeverket utvida og nyanserte.

2. Nivåa i Rammeverket

Rammeverket og Tillegget til Rammeverket inneheld deskriptorskalaer som beskriv språkferdigheiter på tre overordna (A, B og C) og seks underordna nivå (A1, A2, B1, B2, C1 og C2). Nivåa er ikkje lineære storleikar, men må forståast både horisontalt og vertikalt. Horisontalt fortel deskriptorskalaene for dei ulike nivåa kor godt og kor nyansert og presist ein språkleg aktivitet kan utførast. Vertikalt illustrerer skalaene kor mange ulike situasjonar og kontekstar språket kan brukast i, altså breidda i språkferdigheitene. Figur 1 illustrerer den horisontale og den vertikale dimensjonen ved nivåa.



Figur 1. Den horisontale og den vertikale dimensjonen ved ferdigheitsnivåa.
Kjelde: CEFR Companion Volume with New Descriptors (Council of Europe, 2018), s. 34.

Avansert og effektiv språkbruk

Nivå C (C1 og C2) er nivået for avansert språkbruk. I Rammeverket er nivå C1 omtalt som eit nivå for «effektiv språkbruk». Det inneber at ein språkbrukar på nivå C1 på ein effektiv måte meistrar kompleks språkbruk i ei rekke situasjonar. Kompleksiteten kan handle om tilfanget av tekstar i ulike kanalar og medium og tekstar med ulike stilnivå. Det kan også handle om utfordrande samtalesituasjonar, der mykje skjer samtidig, og der temaa skiftar. I tillegg kan det dreie seg om underforstått informasjon i det som blir skrive eller sagt. I læreplanen for nivå C1 viser dette seg i beskrivingane av språkbruken: Språkbruken er tilnærma uanstrengd, ordforrådet er breitt og djupt, og tekstane og kontekstane er komplekse. Desse måtane å beskrive språk og språkleg samhandling på viser til språkbruk som er så automatisert at språkbrukaren kan konsentrere seg om innhaldet utan å tenke på forma. Forma er likevel tilpassa og underbygger innhaldet, for eksempel når det gjeld nyansar, detaljar, tilrettelegging, vektlegging, underforståtte element og/eller bruk av humor.

I Rammeverket er språkferdigheiter omtalte som ei utvikling, både i språkleg breidde og djupn og i situasjonar og kontekstar for språkbruk. Dei språklege ferdigheitene som er omtalte under nemninga «avansert brukar» på C-nivået (C1 og C2), handlar om ferdigheiter i å bruke språket i situasjonar og kontekstar som er framtrudande innanfor academia og andre arenaer og situasjonar der det krevst språkferdigheiter på høgt akademisk nivå. I Tillegget til Rammeverket blir det understreka at ferdigheiter på C-nivået ikkje er det same som morsmålskompetanse. Nivået beskriv den graden av språkleg nøyaktigheit, stilsikkerheit og uanstrengd språkbruk som kjenneteiknar svært gode ferdigheiter i eit andrespråk eller framandspråk.

3. Om læreplanen for nivå C1

Læreplanen for nivå C1 beskriv globale mål, delmål og kjenneteikn ved språket i bruk. Globale mål beskriv språkferdigheiter på nivå C1 generelt, medan delmål beskriv mål for språklege aktivitetar. Kjenneteikn ved språket i bruk beskriv kva som karakteriserer vokabular, uttale, grammatikk, flyt, tekstutforming, ortografi/teiknsetting og kommunikasjon hos ein språkbrukar på nivå C1.

I læreplanen er det lagt vekt på strukturen, omgrepsbruken og dei utvida og meir nyanserte deskriptorskalaene som er innarbeidde i Tillegget til Rammeverket.

Kategoriar for språkleg kommunikasjon

I Tillegget til Rammeverket er språklege aktivitetar presenterte under fire overordna kategoriar for kommunikasjon («modes of communication»): resepsjon, produksjon, samhandling og mediering. Kategoriane utgjer ein heilskap som både gjer kommunikasjon mogleg og tar vare på den språklege utviklinga. Læreplanen for nivå C1 er derfor strukturert etter kommunikasjonskategoriane resepsjon, produksjon, samhandling og mediering. Innanfor kvar av kategoriane er det formulert delmål for språklege aktivitetar.

Ein multimodal skrift- og kommunikasjonskultur

Kommunikasjonskategoriane resepsjon og produksjon er delte inn i munnleg resepsjon og produksjon (lytte og snakke) og skriftleg resepsjon og produksjon (lese og skrive). Det er likevel viktig å vere merksam på at språklege aktivitetar i vår tids multimodale skrift- og kommunikasjonskultur sjeldan vil vere berre munnlege eller skriftlege. Aktivitetane vev seg inn i kvarandre, og vellykka kommunikasjon krev ferdigheiter innanfor alle dei fire kategoriane. Jo meir samansette og komplekse dei språklege aktivitetane og konteksten dei skjer innanfor, er, desto sterkare blir samanvevinga. Dette gjer seg særleg gjeldande på C-nivået. Tydelegast er denne samanvevinga når det gjeld kategoriane samhandling og mediering. Det er derfor ikkje formålstenleg å dele desse kategoriane i munnlege og skriftlege eller reseptive og produktive ferdigheiter.

Mediering

I Rammeverket blir omgrepet mediering hovudsakleg brukt om vidareformidling. I Tillegget til Rammeverket har mediering fått ei utvida betydning og ein meir sentral plass. Språket blir ikkje berre brukt til vidareformidling, men også til å komme fram til ny innsikt, utvikle idear og tankar og skape ei felles forståing. Tillegget inneheld fleire deskriptorskalaer som utdjupar mediering. Skalaene er delte inn i fire grupper: mediering av tekst, mediering av omgrep, mediering av kommunikasjon og medieringsstrategiar. Mediering handlar om at språkbrukaren har ei aktiv rolle i

å legge til rette for språkleg samhandling i ulike kontekstar og å komme fram til eller formidle innhald og innsikt. Ferdigheitene i å utnytte både egne og andres fleirspråklege ressursar og repertoar i læringsarbeid og kommunikasjon blir inkluderte og anerkjende. Mediering kan skje innanfor det same språket eller mellom ulike språk.

Domeneoverskridande språkferdigheiter

C1-brukaren har eit stort språkleg repertoar som kan brukast i dei fleste situasjonar og kontekstar. Kva for domene eller tema språkferdigheitene skal knytast til, er derfor ikkje definert i læreplanen for nivå C1. På dette nivået er språkferdigheitene domeneoverskridande i tråd med beskrivingane i Rammeverket og Tillegget til Rammeverket. Etersom språkbrukaren på nivå C1 klarer seg språkleg godt i dei aller fleste situasjonar, vil eventuelle feil eller manglar snarare vere knytte til fagområde enn til kontekstar. Ein C1-brukar vil klare seg betre språkleg innanfor sitt eige fagområde og interessefelt enn innanfor fagområde og interessefelt som er ukjende eller nye.

Kjenneteikn ved språket i bruk

Kjenneteikn ved språket i bruk beskriv kva som karakteriserer vokabular, uttale, grammatikk, flyt, tekstutforming, ortografi/teiknsetting og kommunikasjon hos ein språkbrukar på nivå C1.

4. Språksituasjonen i Noreg

Språksituasjonen i Noreg, med to sidestilte skriftlege målformer og ikkje-normert talemål, er spesiell. Det er derfor lite å støtte seg på i Rammeverket på dette området.

Den norske språksituasjonen er ikkje eksplisitt omtalt i læreplanen, men sidan C1-nivået er kjenneteikna av at språkbruken er tilnærma utan feil eller manglar, er det ein føresetnad at innlæraren er kjend med språksituasjonen i Noreg. Det blir ikkje stilt krav om at ein språkbrukar på nivå C1 skal meistre begge skriftspråka reseptivt og produktivt, men språkbrukaren må ha strategiar for å takle møte med ei anna målform enn den vedkommande er van med å lese. Innlærarar på nivå C1 bør derfor også bli kjende med den andre målforma gjennom opplæringa.

Ein språkbrukar på nivå C1 vil ha gode nok ferdigheiter til å kunne forstå ulike talemålsvariantar så lenge varianten ikkje avvik for mykje frå den språkbrukaren er van med å høyre. På same måte som morsmålsbrukarar av norsk kan språkbrukarar på nivå C1 ha behov for oppklaring og/eller gjentaking dersom talemålsvarianten er ukjend. Innlærarar på nivå C1 bør få erfaring med ulike talemålsvariantar gjennom opplæringa.

5. Kompetansemål for nivå C1 (avansert brukar)

5.1 Globale mål

På dette nivået kan innlæraren forstå komplekse framstillingar og faglege drøftingar innanfor dei fleste allmenne emne. Innlæraren kan bruke språket fleksibelt og formålstenleg til sosiale, akademiske og yrkesrelaterte formål. Innlæraren kan uttrykke og argumentere for synspunkt, delta i samtalar og diskusjonar og bidra til at samtalen eller diskusjonen utviklar seg. Innlæraren kan oppsummere, formidle vidare og forklare innhald frå ulike munnlege og skriftlege kjelder med høg grad av presisjon. Innlæraren kan skrive klare, velstrukturerte og detaljerte tekstar og meistarar ulike setningsmønster og samanbindande markørar.

5.2 Delmål for språklege aktivitetar

Resepsjon

Munnleg resepsjon

Innlæraren kan forstå ei kompleks munnleg framstilling, også når talen ikkje er tydeleg strukturert og forhold ikkje er omtalte direkte, men underforstått. Innlæraren kan ha behov for enkelte oppklaringar, særleg dersom talemålsvarianten er ukjend.

Innlæraren

- kan forstå det meste av ei lengre munnleg framstilling, for eksempel ein presentasjon, ei forelesing eller ein debatt, også om emne utanfor eige fag- eller interessefelt
- kan forstå eit breitt spekter av auditivt materiale, for eksempel podkast eller film, og oppfatte nyansar og underforståtte haldningar og forhold mellom dei som snakkar
- kan oppfatte haldningar og synspunkt til deltakarane i ein diskusjon sjølv når diskusjonen er prega av overlapping, avbrytingar, digresjonar og uformell språkbruk, når talehastigheita er normal og talemålsvariantane kjende

Skriftleg resepsjon

Innlæraren kan forstå omfattande, komplekse tekstar og oppfatte finare nyansar, også haldningar og underforståtte meiningar, dersom ho/han har høve til å lese vanskelege passasjar om igjen og bruke oppslagsverk og søkeverktøy ved behov.

Innlæraren

- kan forstå eit breitt spekter av allmennvitenskaplege eller akademiske artiklar og publikasjonar, også utanfor sitt eige fag- eller interessefelt
- kan forstå det meste av skriftleg informasjonsutveksling i private, offentlege og faglege samanhengar, for eksempel sosiale medium, e-post, brev eller offentlege skriv
- kan forstå eit variert utval av skjønnlitterære tekstar i moderne språkdrakt

Produksjon

Munnleg produksjon

Innlæraren kan gi klare, detaljerte utgreiingar om og presentasjonar av komplekse emne, der ho/han trekker inn delmoment og relevante eksempel, utdjupar og underbygger synspunkt og rundar av på ein passende måte.

Innlæraren

- kan gi klare, detaljerte utgreiingar om og presentasjonar av personlege eller faglege erfaringar, flette inn undertema og utdjupe viktige punkt
- kan gi instruksjonar om korleis ei rekke komplekse praktiske og/eller faglege prosedyrar skal utførast
- kan bruke eit variert repertoar av ord og uttrykk og vere i stand til å omformulere seg i dei fleste situasjonar
- kan bruke ulike språklege verkemiddel for å uttrykke haldningar, kjensler og sinnsstemningar

Skriftleg produksjon

Innlæraren kan skrive klare, detaljerte og velstrukturerte tekstar innanfor eit breitt spekter av sjangrar og tilpasse språket etter situasjonen, mottakaren og budskapet som skal formidlast.

Innlæraren

- kan skrive argumenterande tekstar med ei oversiktleg og lesarvennleg oppbygging og gi uttrykk for synspunkt og haldningar på ein utfyllande og nyansert måte
- kan skrive rapportar og utgreiingar om komplekse tema innanfor sitt eige fag- eller interessefelt og velje ein formålstenleg stil
- kan skrive formelle brev der ho/han uttrykker for eksempel kritikk, oppmoding eller medkjensle, med ein språkbruk som er tydeleg og tilpassa formålet

Samhandling

Innlæraren kan tilpasse språket til ulike sosiale situasjonar både munnleg og skriftleg og uttrykke seg med høg grad av presisjon. Innlæraren kan lett følge og bidra til samhandling i formelle og uformelle diskusjonar og samtalar, også når det dreier seg om komplekse og/eller ukjende emne.

Innlæraren

- kan utdjupe og utvikle vidare viktige punkt utan støtte, og taklar avbrytingar og innspel på ein språkleg passende måte
- kan argumentere overtydande for eit standpunkt, svare på spørsmål og gi passende tilsvar til komplekse motargument
- har eit breitt repertoar av automatiserte kommunikasjonsteknikkar, slik at ho/han finn passende uttrykk for å ta eller behalde ordet og knyte eigne bidrag til det andre seier, på ein formålstenleg måte
- kan delta i ulike typar diskusjonar på Internett og uttrykke seg formålstenleg i sosiale medium utan at språket set grenser

Mediering

Innlæraren kan bruke språket munnleg og skriftleg til å bearbeide, samanfatte og formidle informasjon vidare på ein formålstenleg måte. Innlæraren kan bidra til at

ulike perspektiv kjem fram, og til at misforståingar blir oppklarte. I samarbeid med andre kan innlæraren utforske nye ord, uttrykk og omgrep for på den måten å utvikle vidare si eiga og andres språkforståing.

Innlæraren

- kan trekke ut informasjon og argument i lange og komplekse munnlege og/eller skriftlege tekstar frå éi eller fleire kjelder for deretter å formidle vidare si eiga forståing og tolking på ein klar og velstrukturert måte
- kan formidle vidare dei fleste nyansar og detaljar i munnlege og skriftlege tekstar på ein korrekt måte, men kan ha behov for å sjekke den presise betydninga av enkelte lite frekvente ord og uttrykk
- kan ta detaljerte notat under ei forelesing, eit møte eller liknande om emne innanfor sitt eige fag- eller interessefelt og gjengi informasjon så nøyaktig og tett opp til originalen at notata også kan vere til nytte for andre
- kan tolke og beskrive diagram og annan visuell informasjon på ein klar og presis måte
- kan gjere eit komplekst innhald meir tilgjengeleg ved å forklare, forenkle eller omstrukturere originalteksten, eventuelt legge til nyttige detaljar
- kan gripe inn på ein språkleg passande måte for å få kommunikasjonen inn på eit nytt spor
- kan bruke sine språklege ressursar skriftleg eller munnleg til å omsette tekstar i ulike sjangrar innanfor sitt eige interessefelt, sjølv om det kan førekomme formuleringar som er påverka av morsmålet eller andre språk som innlæraren har lært

5.3 Kjenneteikn ved språket i bruk

Vokabular

Innlæraren har eit stort nok ordforråd til å uttrykke seg idiomatisk og på ein tilnærma uanstrengd måte i dei fleste samanhengar. Ordforrådet er breitt og djupt nok til at innlæraren forstår og aktivt taklar eit breitt spekter av allmenne emne, situasjonar og munnlege og skriftlege tekstar.

Uttale

Innlæraren har ein tydeleg uttale og kan variere intonasjon og trykkmønster for å få fram det ho/han ønsker. Påverknad frå morsmålet eller andre språk innlæraren har lært, førekjem, men det har ikkje noko å seie for forståinga. Innlæraren kan forstå ein del ulike uttalemåtar når det ikkje blir snakka for fort.

Grammatikk

Innlæraren har høg grad av grammatisk kontroll. Feil førekjem, men har karakter av å vere glipp, ikkje systematiske feil. Innlæraren har eit breitt repertoar av grammatiske strukturar og kan uttrykke og forstå nyansar og detaljar.

Flyt

Innlæraren kan uttrykke seg spontant, samanhengande og på ein tilnærma uanstrengd måte. Pausar førekjem, men er knytte til ukjend terminologi eller behov for refleksjon. Innlæraren kan på ein effektiv måte orientere seg i komplekse tekstar.

Tekstutforming

Innlæraren kan utforme skriftlege og munnlege tekstar på ein formålstenleg måte og bruke varierte samanbindingsteknikkar for å gjere teksten lett tilgjengeleg for mottakaren. Innlæraren kan utnytte tekstoppsett og grafiske verkemiddel for å lese og orientere seg i dei fleste teksttypar på ein effektiv måte.

Ortografi og teiknsetting

Rettskrivinga til innlæraren er nøyaktig, bortsett frå enkelte glipp, og teiknsettinga er konsekvent og lesarvennleg.

Kommunikasjon

Innlæraren kan ta initiativet i ulike typar kommunikasjonssituasjonar, følge opp innspel, introdusere nye tema og bidra til å drive kommunikasjonen framover. Innlæraren kan på ein fleksibel og effektiv måte tilpasse både munnleg og skriftleg språk til ulike sosiale samanhengar. Innlæraren kan på ein effektiv måte tilpasse og modifisere utsegner for å uttrykke grader av sikkerheit eller usikkerheit, tvil, tiltru, sannsyn med meir. Innlæraren kan bruke modale uttrykksmåtar for å signalisere i kva grad vedkommande meiner det er hald i ein påstand, eit argument eller eit standpunkt.

6. Gyldigheit og innføring

Læreplan i norsk for vaksne innvandraraknivå C1 er ei forskrift til integreringslova og gjeld frå 1. august 2021.

